



**STRYN KOMMUNE**

**Planprogram**  
**Kommunedelplan for kultur og idrett**  
**2021-2031**



## **Innhald**

1. Innleiing
2. Bakgrunn og formål
3. Rammer for planarbeidet
4. Status
5. Mål
6. Plantema
7. Planstruktur
8. Organisering, medverknad og framdriftsplan

## 1. Innleiing

Planprogrammet legg til grunn at kommunedelplanen skal ha kultur og idrett for alle som eit overordna mål. Planen skal handle om korleis kultur og idrettsfeltet kan bidra til å skape gode lokalsamfunn gjennom deltaking, medverkning, utøving og oppleving av kunst, kultur og idrett i heile kommunen.

Hovudtemaet deltaking og oppleving handlar om korleis vi kan målrette arbeidet for å nå prioriterte grupper. Å legge til rette for tidleg engasjement er grunnleggande for å gje alle barn og unge reelle mulegheiter til å delta.

I planprosessen skal aktørar frå frivillige lag og organisasjonar, politikarar og administrasjon involverast gjennom arbeidsgruppe, møte og formelle høyringar. Leiar for skule- og kulturutvalet, kommunalsjef skule og kultur og rådmann utgjer styringsgruppa for planen.

## 2. Bakgrunn og formål

Skule- og kulturutvalet gjorde vedtak om å utarbeide Stryn kommune sin første kulturpolitiske handlingsplan i 2007. Planen vart vedteken i 2008. Første revisjon var i 2012, då fekk planen og nytt namn – Kommunedelplan for kultur 2013-2016.

Den første tematiske kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Stryn kommune vart vedteken i 1994. Planen har sidan blitt revidert kvart 4.år etter plan- og bygningslova. Siste revisjon var i 2016 (2017-2020).

Ettersom vi no har to store og viktige tematiske kommunedelplanar som står for tur til revisjon, har ein valt å samle begge planane i ein overordna plan som kan vere eit strategisk styringsdokument for politikken på heile kultur- og idrettsfeltet i eit ti-års perspektiv. Planen skal uttrykke visjonar, mål og prioriteringar på kulturområdet fram mot 2031. Planen skal ha to handlingsprogram som skal rullerast kvart år og reviderast kvart 4.år etter plan- og bygningslova. Eit handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet og eit for kunst og kultur.

Stryn kommune har eigen plan for kulturminne. Kulturminne vert difor ikkje omtalt i denne planen.

I kommuneplanen for Stryn kommune står det at hovudmålet for kultur er å legge tilhøva til rette for å inspirere til kulturavktivitet og engasjement innan alle typer kulturliv. *Den totale kulturproduksjonen skal vere av eit slikt omfang som gjer det naturleg å kalle Stryn ein kulturkommune.*

Stryn kommune skal vere ein attraktiv og god kommune å bu og leve i, arbeide i og besøke. Kommunen skal ha kulturopplevingar som gir eit rikare liv og byggjer identiteten vår for alle som bur her. Det er og viktig at nye tilflyttarar, flyktningar og andre som kjem hit generelt skal oppleve å vere ein del av samfunnet dei bur i. Kultur, idrett og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar er viktige bidrag i dette arbeidet.

Kulturfeltet vil kunne stimulere til innovasjon og nytenking, trivsel og utvikling. Det er difor relevant å drøfte kultur opp mot alle utfordringar i kommunen sin planstrategi.

### 3. Rammer for planarbeidet

Til grunn for planarbeidet ligg plan- og bygningslova. Lover og forskrifter på kulturfeltet, stortingsmeldingar og ulike rapportar som er aktuelle for planarbeidet.

Kulturplanen skal inkludere staten sine krav om ein kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, noko som er ein føresetnad for å kunne søkje spelemidlar. Vi har mange gode idrettsanlegg i kommunen som er viktige å ta vare på og utvikle vidare, samt at vi har trong for nye større anlegg og nærmiljøanlegg.

Kulturplanen tek utgangspunkt i Kulturlova (2007) som omtalar det offentlege sitt ansvar for utvikling av kulturverksemd i landet. Kulturlova §1 og § 4 seier:

#### **§1. Føremål**

*Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av uttrykk.*

#### **§4. Fylkeskommunens og kommunens oppgåver**

*Fylkeskommunen og kommunen skal syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.*

### 4. Status

Oppfølging og gjennomføring av tiltak i førre planperiode har vore bra, men det har ikkje vore automatikk i at handlingsprogrammet som vert rullert årleg og tiltak som vert teke inn har blitt prioritert som tiltak i det årlege budsjett/økonomiplanarbeidet i kommunen.

I samband med planarbeidet vert det utarbeidd ei status og resultatvurdering frå førre planperioden, både for tidlegare kommunedelplan for kultur og idrettsplan

### 5. Mål

Eit vitalt kunst, kultur og idrettsliv er nødvendig og viktig i eit samfunn. Tilgang til mangfald av kulturopplevingar skal vere god og alle som ønskjer skal ha høve til å delta og uttrykke seg innafor kulturfeltet. Dei ulike områda gir oss personlege opplevingar, nye perspektiv, ulike meiningar, uro og refleksjon, alvor og glede, identitet, utvikling, høyre til, historie og ambisjonar for framtida.

- Skape, utøve, delta, formidle, oppleve
- Utvikle kunnskap og kompetanse

## 6. Plantema

Stryn kommune skal ha ein aktiv og framtidretta kulturpolitikk. Kommunen si satsing skal spegle ein heilskapleg tenking der kunst og kultur står sentralt, er av god kvalitet og open for nye idear og samarbeidsformer. Alle skal ha lik føresetnad for deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk, kulturell eller religiøse grunnar eller funksjonsevne. Kultur har betydning for personleg vekst og for livskvalitet, trivsel og fellesskapsoppleving i eit lokalsamfunn.

Planen skal omhandle frivillige lag- og organisasjonar, bibliotek, kulturskule, kulturhus, kino, symjehall, anlegg, museum/kulturarv, utsmykking av offentlege rom og uterom, lokalhistorie, kultur og næring, møteplassar, folkehelse, mangfald og fellesskap.

### Planstruktur

I planstrukturen inngår eit overordna mål, hovudmål og tiltak som på kvar sin måte skal bidra til å nå måla.

Overordna mål – *Kultur for alle*

- Hovudmål 1: - *Skape, utøve, delta, formidle, oppleve*
- Hovudmål 2: - *Utvikle fagleg kunnskap og kompetanse innan kunst, kultur og idrett*

## 7. Organisering, medverknad og framdriftsplan

### Organisering

Rådmann (eller den han peikar ut), leiar for skule- og kulturutvalet og kommunalsjef skule- og kultur er styringsgruppe for kommunedelplan for kultur og idrett. Politiske utval og formannskapet er politisk drøftingsgruppe, og skule- og kulturutvalet er politisk referansegruppe for planen.

Arbeidsgruppa er samansett av representantar frå administrasjonen, skule- og kulturutval, samt lag og organisasjonar.

### Medverknad

Plan- og bygningslova sine reglar om medverknad er lagde til grunn for planprosessen, og innspel og høyringar vert førebudde og gjennomført i samsvar med desse. Lag og organisasjonar, eldreråd, idrettsråd, turlag, frivilligsentral, ungdomsråd m.fl vert innvitert til å spele inn problemstillingar og spørsmål som dei meiner er viktige å drøfte.

Medverknad vert sikra m.a. gjennom administrativ styringsgruppe, arbeidsgruppe, referansegruppe, møte og høyringar. To høyringar vert gjennomført, ei etter utlegging av planprogram og ei av sjølve planen.

## Framdriftsplan

		2020
Månad	Framdrift	
Januar	Redigere framlegg planprogram	x
Januar	Vedtak i SK oppstart av vidare planarbeid og planprogram	x
Februar	Møte i arbeidsgruppa	x
Februar	Planprogram på høyring	x
Februar/Mars	Oppstart plandokument	x
Mai	Frist for innspel til plan og handlingsprogram	x
Mai	Innarbeiding av innspel	x
Mai	Møte i arbeidsgruppa	x
Juni	Vedtak i SK om utlegging kommunedelplan til off. ettersyn	X
	Kommunedelplanen ut på høyring	x
September	Møte i arbeidsgruppa	x
September	Innarbeiding av ev innspel/merknader etter høyring	x
Oktober/november	Vedtak av planen m/handlingsprogram i SK, FO og KS	x

(Grøn: internt arbeid / gruppearbeid – Blå: høyringar – Raud: Politisk behandling)